

Europaparlamentet denne veka: Langtidsbudsjett, rettsstatsutvikling, klima og andre saker

15. november 2018

- *Europaparlamentet tek til orde for ei større budsjettramme gjennom auka direkte inntekter til EU*
- *Parlamentet vil ikkje kutte i landbruks- og regionalpolitikken, men støttar Kommisjonen framlegg om å styrke løyvingar til mellom anna forskning, utdanning og grensekontroll*
- *Norsk kontingent for programdeltaking vil auke om det endelege budsjettet er på nivå med framlegget frå Kommisjonen*
- *Europaparlamentet drøfta også mellom anna klimamål, rettsstatsutviklinga i Romania og FNs globale migrasjonsplattform*

EUs langtidsbudsjett 2021-2027

[Europaparlamentet vedtok onsdag sin oppdaterte posisjon](#) for EUs langtidsbudsjett for 2021-2027, jf. også [førehandstalen av saka frå Europaparlamentet](#). Parlamentet ber Rådet om å finne fram til ei rask semje.

Debatten tysdag var prega av stor semje mellom både dei fleste gruppene og saksordførarar frå ei rekkje komitear om behovet for eit større og meir ambisiøst budsjett. Kommisjonen har gjort framlegg om auka innsats mellom anna knytt til migrasjon, grenseforvaltning, sosiale satsingar, utdanning, forskning, forsvar og sikkerheit. Europaparlamentet er samd i behovet for å styrke desse og andre område. Parlamentet vil derimot ikkje ha kutt for jordbruk og utjamningspolitikk (som utgjer omlag 70 prosent av budsjettet i dag) slik Kommisjonen har gjort framlegg om. Parlamentet tek derfor til orde for å auke budsjettet til 1,3% bruttonasjonalinntekt (BNI) i EU-landa. Dette skal mellom anna skje gjennom at (deler av) inntektene frå til dømes skatt på finanstransaksjonar og frå kvotehandling skal gå direkte til EU-budsjettet. I debatten var det berre den konservative gruppa (ECR) og dei to ytre høgre gruppene kritiske til å auke dei såkalla eigne ressursane.

Mange var i debatten opptekne av at EU må styrke innsatsen både i kampen mot fattigdom, klima og arbeidsløyse. Dette er nødvendig for å sikre eit truverdig EU ikkje minst i samband med valet til Europaparlamentet neste år meinte mange.

Storbritannia er ein netto bidragsytar til budsjettet med om lag 16 prosent av EUs budsjett, og brexit vil dermed påverke inntektssida til budsjettet. I debatten vart det vist til brexit gjev høve til å revidere heile budsjettssystemet til EU, inkludert rabattordningane som mellom anna Storbritannia har i dag. Det vart vist til at systemet med eigne inntekter (mellom anna frå ein viss del av innkravd meirverdiavgift i EU-området) og rabattordningane ikkje har vore revidert sidan 1980-talet. Det vart også vist til at Tyskland og andre netto bidragsytarar har

signalisert vilje til å auke sine innbetalningar til budsjettet. Det var mindre fokus på at ein del av desse landa kanskje også vil stille krav for å godta dette.

Det austerriske EU-formannskapet viste til at langtidsbudsjettet har høg prioritet, men at det må inngåast mange vanskelege kompromiss før ein kan oppnå semje. Kommissær Günther Oettinger gjentok at Kommisjonen ynskjer eit vedtak før valet i 2019.

Det var 2. mai i år at Kommisjonen la fram sitt framlegg til nytt langtidsbudsjett (Multiannual Financial Framework) for EU 2021-2027. Budsjettet har ei ramme på 1279,4 mrd. euro for perioden. Dette svarar til 1,11 prosent av samla bruttonasjonalinntekt (BNI) i EU-landa. Det nåverande budsjettet svarar til 1,03 prosent av BNI. Framlegget omfattar 37 program og instrument. Noreg deltek i lang rekkje av dei nåverande programma, jf. [regjeringas oversikt](#). Kommisjonen har gjort framlegg om å auke budsjettet for forskingsprogrammet frå ca 80 mrd. euro i perioden 2014-2020 til ca 100 mrd. i neste periode (tal i løpande prisar).

Utdanningsprogrammet Erasmus er foreslått fordobla til 30 mrd. euro (i løpande prisar). Også ein del andre program er foreslått styrka. Europaparlamentet er positivt til mykje av dette. Innretninga på dei respektive programframlegga blir nå drøfta i dei ulike komiteane i Europaparlament.

Kommisjonen har inkludert [ein ny rettsstatsmekanisme](#) i budsjettframlegget. Formålet er å hindre misbruk av europeiske skattepengar. Mekanismen vil gje EU høve til å suspendere, redusere eller avgrense tilgangen til EU-finansiering på ein måte som er proporsjonal med type, seriøsitet eller omfanget av manglene med rettsstatssituasjonen i eit land. Det er Kommisjonen som skal kunne gjere framlegg om slike tiltak og det må vedtakast av Rådet med kvalifisert flertal. Både Polen og Ungarn er negative til framlegget som dei mellom anna meiner vil opne for ei vilkårleg behandling av landa. I debatten i Europaparlamentet var det lite fokus denne mekanismen, men kommissær Oettinger trakk fram betydninga av den.

EUs budsjett krev samrøystes vedtak frå EUs medlemsland. Europaparlamentet må gje samtykke til totaliteten i budsjettet og kan i utgangspunktet ikkje endre på innhaldet. Gjennom sitt vedtak gjev det likevel eit signal om korleis budsjettet bør sjå ut for at det skal gje samtykket.

Det er venta at Det europeiske råd 13. og 14. desember vil få ein statusrapport om drøftingane mellom medlemslanda. Målet til Kommisjonen er semje om det nye budsjettet før EU-valet i mai neste år og at vedtaket skal kome på toppmøtet i Sibiu 9. Mai 2019.

Kommentar

Gjennom å ta til orde for auke eigne direkte inntekter direkte til EU, slepp Europaparlamentet å prioritere mellom ulike politikkområde. Det er likevel avgrensa med appetitt for slike eigne inntekter i mange EU-land og det er langt frå sikkert at Parlamentet får gjennomslag for sine framlegg når det kjem til stykke. Jamvel om medlemslanda nok vil vere villige til å gjere visse endringar innanfor budsjetttramma, blir neppe den totala ramma til slutt så stor som Parlamentet ynskjer. Budsjettdiskusjon i EU er alltid krevjande, og semje kjem som regel ikkje før i 12. time. Det er derfor få trur det er realistisk med avklaring av budsjettet før

Europa-valet i mai. Det kan derfor bli det finske formannskapet hausten 2019 som får ansvaret for å dra budsjettet i hamn. Ein del ventar også at ei semje ikkje vil kome før under det tyske formannskapet hausten 2020.

EUs budsjett påverkar også Noreg, ikkje minst gjennom kontingenten for programdeltaking. Dei norske bidrag for deltaking i EUs program er basert på norsk del av samle BNP i EU og EFTA-landa. Dersom Noregs relative del av samla BNP i EU og EFTA er uendra i den nye budsjettperioden og EUs program aukar like mykje som Kommisjoen har gjort framlegg om, vil det årlege bidrage til Horisont Europa kunne auke frå omlag 2,2 mrd. til vel 2,6 mrd. kroner. For Erasmus vil kontingenten kunne doblast.

Andre saker denne veka

Rettsstats situasjonen i Europa – er Romania klart for EU-formannskapet 1. januar?

Europaparlamentet vedtok ein [resolusjon som kritiserer rettsstatsutviklinga i Romania](#). [Parlamentet](#) er bekymra for endringar som mange meiner vil føre til mindre moglegheit til å kjempe mot korrupsjon og er også uro for politivald mot lovlege demonstrantar. Mange partigrupper vart på sine pressekonferansar denne veka spurt om utviklinga i Romania kan samanliknast med den i Polen og Ungarn. Medan den sosialdemokratiske gruppa avviste dette, viste fleire av dei andre gruppene til at alle land må vurderast separat. Ingen ville foreløpig spekulere på om ein artikkel 7-prosedyre er aktuell for landet som skal ta over EU-formannskapet 1. januar. Den rumenske presidenten åtvara denne veka mot at landet ikkje er klart for dette og den finske [statsministeren uttalte at Finland](#) bur seg på eventuelt å ta over formannskapet om behov.

EUObserver skreiv denne veka [EUs reaksjonar mot Polen og Ungarn druknar i prosedyre](#). [Parlamentet onsdag til orde for ein generell EU-mekanisme](#) for kontinuerleg å overvake utviklinga i demokrati og rettsstat i alle EU-landa.

Stadfesting av mål for energieffektivitet og fornybar energi og mål for lastebilutslepp

[Europaparlamentet ga si tilslutning](#) til avtalen med Rådet om eit bindande mål på 32% fornybar energi og 32,5% betring i energieffektivisering i EU. [Parlamentet gjekk også inn for](#) at utslepp frå tunge køyretøy bør kuttast med 35% frå 2030 og at frå 2030 bør minst 20% av nye, tunge køyretøy ha låge utslepp eller nullutslepp. Medlemslanda i Rådet har ennå ikkje ein felles posisjon knytt til tunge køyretøy.

Telekompakken

Europaparlamentet stadfesta onsdag semja med Rådet om [den såkalla telekompakken](#). Semja medfører mellom anna ein maksimalpris på samtaler og meldingar mellom medlemslanda og fremje investeringar i 5G-nettverk i europeiske byar.

Europaval: Nettside om kva EU gjer, unngå framand påverking og 3 spitzenkandidatar

[Europaparlamentet lanserte denne veka](#) nettsida «[Kva gjer EU for meg](#)». Målet er å gje enkelt tilgjengeleg informasjon til EUs innbyggjarar om den praktiske effekten av EU i forkant av valet til Europaparlamentet i mai neste år. Parlamentet vedtok samstundes ein resolusjon om korleis EU kan styrke innsatsen for å hindre at framande aktørar skal påverke valet.

Elles er 3 toppkandidatar for valet til Europaparlamentet er nå klare. Dette er to medlemmer i Europaparlamentet [Manfred Weber](#) (EPP, Tyskland) og [Jan Zahradil](#) (ECR, Tsjekkia) og visepresident i Kommisjonen [Frans Timmermans](#) (S&D, Nederland). Den liberale gruppa (ALDE) vil ikkje velje sin toppkandidat før i februar, medan den grønne gruppa skal velje to toppkandidatar [blant dei tre som har stilt seg til disposisjon](#). Toppkandidatane er dei respektive partigruppenes kandidat for å bli president i Europakommisjonen etter Jean-Claude Juncker i 2019.

FNs globale migrasjonsplattform

[Europaparlamentet drøfta](#) FNs globale migrasjonsplattform. Eit fleirtal i parlamentet støtta i april [arbeidet med plattformen](#). På sin pressekonferanse 13. november kritiserte den sosialdemokratiske gruppa spesielt at Austerrike som har EU-formannskapet nå, ikkje vil slutte seg til plattformen. Gruppa viste til at den austerrikske regjeringa tidlegare har etterlyst multilaterale initiativ for migrasjon.

Brexit

Semja mellom EU og Storbritannia om ei brexit-avtale kom for seint til å bli drøfta i Europaparlamentet denne veka, men Parlamentet må etter kvart gje samtykke til avtalen. [Parlamentets styringsgruppe for brexit skriv i ei pressemelding](#) at den er glad for framgangen i forhandlingane og ser fram til å sette seg inn i detaljane i avtalen.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling

Telefon: +47 23 31 36 11

Mobil: +47 917 68 598

E-post: psn@stortinget.no

www.stortinget.no